



Arkivnr: 2014/15942-6
Saksbehandlar: Brit Mari Heggøy

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		28.08.2014

Lokale og regionale prosessar i ei kommunereform – mandat til KS som fagleg tilretteleggjar og koordinator

Samandrag

Frå KS Hordaland har fylkeskommunen 04.07.2014 motteke forslag om at fylkeskommunen gir fylkesstyret i KS mandat til å gå inn i eit samarbeid med fylkesmannen om tilrettelegging av lokale prosessar i samband med kommunereforma. I Prop. 95S (2013 – 2014) Kommuneproposisjonen 2015 seier regjeringa at det er ønskeleg at dei regionale prosessane vert gjennomført i eit samarbeid mellom fylkesmannen og KS regionalt.

Den organiserte prosessen vil starta i august 2014 og i hovudsak gå fram til kommunane gjer vedtak innan sommaren 2016. Våren 2015 vert det lagt fram ei stortingsmelding med forslag til nye oppgåver til robuste kommunar, og ein samla proposisjon om ny kommunestruktur vil verta fremja for Stortinget våren 2017. Iverksetting av samanslåingane vil vera seinast 01.01.2020.

Stortingsfleirtalet har presisert at «Stortinget stadfester at gjennomgangen av oppgåvene til kommunane må inkludere oppgåvene som skal liggje til eit folkevald regionnivå/mellomnivå/færre fylkeskommunar.»

KS vert styrt regionalt av dei medlemsvalde fylkesstyra, og ber no om ei særleg medlemsforankring for si deltaking i det vidare prosessarbeidet. Fylkesrådmannen rår til at slikt mandat vert gitt, samstundes som det vert bede om jamlege rapporteringar frå fylkesstyret.

Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune gir sin tilslutning til at KS deltek som fagleg tilretteleggjar og koordinator for lokale/regionale prosessar i det kommunereformarbeidet regjeringa etter stortingsvedtak har invitert kommunane til.
2. Fylkeskommunen ber om jamlege rapporteringar om framdrift og utvikling.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Mandat for KS Hordalands arbeid med kommunereform

Fylkesrådmannen, 05.08.2014

Frå KS Hordaland har fylkeskommunen 04.07.2014 motteke forslag om at fylkeskommunen gir fylkesstyret i KS mandat til å gå inn i eit samarbeid med fylkesmannen om tilrettelegging av lokale prosessar i samband med kommunereforma.

KS vert styrt regionalt av dei medlemsvalde fylkesstyra, og ber no om ei særleg medlemsforankring for si deltaking i det vidare prosessarbeidet.

Bakgrunn

KS viser til at kommunane hausten 2014 vil verta inviterte til å delta i prosessar med sikte på å vurdere og å avklara om det er aktuelt å slå seg saman med nabokommunar. Fylkesmennene vil få ansvaret for å setja i gang prosessane. I Prop. 95S (2013 – 2014) Kommuneproposisjonen 2015 seier regjeringa at det er ønskjeleg at dei regionale prosessane vert gjennomført i eit samarbeid mellom fylkesmannen og KS regionalt. KS har motteke ein eigen invitasjon om dette frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet 03.07.2014.

Saksgang på sentralt hald

I brevet frå KS er det opplyst at i følgje kommuneproposisjonen vil den organiserte prosessen starta i august 2014 og i hovudsak gå fram til kommunane gjer vedtak innan sommaren 2016. Våren 2015 vert det lagt fram ei stortingsmelding med forslag til nye oppgåver til robuste kommunar, og ein samla proposisjon om ny kommunestruktur vil verta fremja for Stortinget våren 2017. Iverksetting av samanslåingane vil vera seinast 01.01.2020.

Stortingsfleirtalet har presisert at «Stortinget stadfester at gjennomgangen av oppgåvene til kommunane må inkludere oppgåvene som skal liggje til eit folkevald regionnivå/mellomnivå/færre fylkeskommunar.»

KS si deltaking

Landstinget i KS vedtok i februar 2012 i ei fråsegn at kommunegrenser kan endrast ved gode lokale prosessar, at oppgåvene må vera avgjerande for kommunestrukturen og at kommunane sjølve må ha styrande innverknad på prosessen. KS landsstyre gjorde i mai i år slikt samsrøystes vedtak: «Landsstyret er positiv til at KS sentralt og regionalt tilrettelegger for og gir prosessveiledning i lokale prosessar og at dette gjøres i samarbeid med fylkesmannsembetene, i et likeverdig samarbeid. Det forutsettes av det er en gjensidig forståelse i dette samarbeidet for at kommunene selv styrer framdriften i prosessene, og definerer sine behov for veiledning og prosesstøtte.»

KS sitt fylkesstyre i Hordaland har vedteke at dei ønskjer å følgja opp Landsstyret sitt vedtak, og ønskjer å be kommunane/fylkeskommunen i Hordaland om eit slikt mandat, for å sikra ei best mogleg medlemsforankring av det arbeidet som skal gjerast frå hausten.

KS har lagt nokre premissar for arbeidet:

- KS skal ikkje vera pådrivar for endringar i kommunestrukturen. Dei skal byggja på lokale prosessar.
- KS ønskjer på medlemene sine premissar å leggja til rette for lokale prosessar saman med fylkesmannen, men det er medlemene sjølve som avgjer kven dei vil ta initiativ til samtale med.
- Kommunane sjølve må eiga og styra prosessane, med bistand frå KS og fylkesmannen.
- KS vil ivareta rollen som medlems- og interesseorganisasjon med fokus på rammevilkår, styrking av lokaldemokratiet, formidling av faktagrunnlag og tilrettelegging av arenaer for utvikling, kunnskapsdeling og erfaringsutveksling.
- KS meiner det er naturleg å sjå dei kommunale og fylkeskommunale/regionale oppgåvene i samanheng, og vil på nasjonalt nivå særleg arbeida vidare med kva oppgåver som ut frå omsyn til nærleik til innbyggjarane, politisk folkevald forankring og effektiv oppgåveløysing kan flyttast til eit av desse to nivåa, under føresetnad av fullfinansiering av nye oppgåver.

I brevet frå KS er det formulert forslag til vedtak i fylkeskommunen. Forslaget er formulert felles for alle fylkesstyra som vil be om mandat:

« kommune/fylkeskommune gir sin tilslutning til at KS deltar som faglig tilrettelegger og koordinator for lokale/regionale prosesser i det kommunereformarbeidet regjeringen etter stortingsvedtak har invitert kommunene til.»

KS sitt fylkesstyre i Hordaland har slik samansetjing:

Marit Aksnes Aase, Samnanger – leiar, KrF
Kristin Handeland, Fedje – nestleiar, Ap
Harry Herstad, Stord, Ap
Hans Vindenes, Fusa, Sp
Inge Reidar Kallevåg, Bømlo/Fylkestinget, H
Torstein Gunnarson, Voss, V
Ole Torbjørn Holmedal, Kvinnherad, Frp

Vurdering

Kommunereforma har i utgangspunktet eit sterkt fokus på kommunestruktur og oppgåveløysing i kommunane. Med endra kommunestruktur, med større og meir robuste kommunar, vil også oppgåveportefølgjen måtta vurderast. Endringar her vil få innverknad også for fylkeskommunen.

Det er frå regjeringa si side lagt opp til at det skal gå føre seg regionale prosessar, der fylkesmannen får ansvar for å setja i gang desse, i samarbeid med KS. Det vil vera føremålstenleg å leggja til rette for gode prosessar, og fylkeskommunen bør gi fylkesstyret i KS mandat slik det er foreslått. Mandatet bør følgjast opp med jamlege rapporteringar frå fylkesstyret si side om framdrift og utvikling.